



Meland Kommune - Eirik Utne

Kopimottaker

Dato: 20.06.2014

Vår ref.: 2014/673-38

Saksbehandlar: eliwarr

Dykkar ref.:

## Søknad om stønad til kulturminneplanarbeid i Meland kommune i 2014. Løyving av tilskot kr 100 000,-

Vi viser til søknad dagsatt 12.02.2014 om kr 200.000,- i stønad til arbeid med kommunedelplan for kulturminne i Meland.

**Søknaden vart handsama av Kultur- og ressursutvalet i møte den 3. juni 2014 i sak [PS 84/2014](#) . Utvalet vedtok å gje eit tilskot på kr 100.000,- av statlege midlar i tråd med tinginga frå Riksantikvaren i brev av 16.05.2014, budsjettpost 10.400.735.84 til Meland kommune. Midlane skal nyttast til kulturminneregistrering.**

### Vilkår for løyvinga

Det vert stilt krav om:

- Plan for gjennomføring av registreringar og kulturminneplan
- Politisk vedtak om utarbeiding av kulturminneplan-/kommunedelplan
- Innlegging av prioriterte kulturminne i kommunen i Askeladden
- Rapportering til fylkeskommunen om utført arbeid innan 01.09.2014 og 01.12.2014.

Kommunen pliktar å underrette fylkeskommunen skriftleg dersom prosjektet ikkje kan gjennomførast etter planen. Fylkeskommunen tek etterhald om at midlane kan krevjast tilbake, heilt eller delvis, dersom prosjektet ikkje vert gjennomført etter føresetnadene.

### Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at De etter forvalningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Vi legg ved skjemaet **aksept for vilkår av tilskot** som må returnerast til Kultur- og idrettsavdelinga.

### Informasjon om samarbeidstiltak

I prosjektet *Kulturminnekompesanse i kommunane 2013-2016* samarbeider Hordaland fylkeskommune i nettverk med kommunane og musea for å utvikle kulturminnevernet. Vi vil sende ut informasjon om felles aktiviteter (samlingar, kurs mv) og ser fram nærmere kontakt med kommunen dei neste åra. Vi tek gjerne i mot innspel om kva kommunen treng for å gjennomføre og ferdigstille kulturminneregistreringar og planarbeid. Vår kontaktperson er seniorrådgjevar Elizabeth Warren.

Vi gjer også merksam på at ein finn mykje relevant materiale på Riksantikvaren si heimeside ([www.ra.no](http://www.ra.no)), mellom anna: a) [Rettleiar kulturminneplanar i kommunen](#), b) [Rettleiar Handbok for lokale registreringar](#), c) [Registreringsskjema](#), d) [Rettleiar verdisetting og verdivekting](#), e) [Rettleiar Kulturminner, kulturmiljøer og landskap. Plan og bygningsloven](#), f) [Kulturminnedatabasen Askeladden](#), g) [Kulturminnesøk](#)

Hordaland fylkeskommune ynskjer Meland kommune lukke til i arbeidet med kommunedelplan for kulturminne.

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Elizabeth Warren  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg: Aksept av vilkår for tilskot